



ALLTID BEREDT

## Vedlegg 1

### Andre opplysningar til søknad om støtte til Barne- og ungdomsarbeid



#### ANTALL LOKALLAG

Hordaland krins har 38 lokallag i Hordaland. Hovudvekta av disse er innanfor Bergen kommune. Sjå eige vedlegg med oversikt over fordeling av medlemmer.

#### AKTIVITET (VEDLEGG 2)

I år er eit nytt tilskot på kalenderen. Tøffetur for vandrere ( 8-10. klasse) vart for første gang arrangert i haust, og står på terminlista også for neste gang.

#### Arrangement for eigne medlemmer

Dette har vert eit spennande år, med god utvikling av speidararbeidet i Hordaland. Det har vert godt oppmøte både på arrangement for speidrar og for leiarar. Det siste er spesielt gledelig då god lederrekrytting, utvikling og kursing er eit satsingsområde for krinsen.

Ei beskriving av dei viktigaste arrangementa følgjer under.

#### Vestlandsmesterskap i speiding

Meisterskapet, som også er kvalifisering til NM i speiding, vart arrangert i Kollevågen på Askøy. Med 700 deltakerar er dette eit av dei store høgdepunkta for speidrar i Hordaland. VM vart arrangert i samarbeid med Bjørgvin krets av KFUK-KFUM-speiderane. Eit samarbeid som drar nytte av den kompetansen som ein finn i begge kretsar.

#### Bymanøver

Bymanøver er ein tradisjon i Bergen sentrum. Kvar haust samlast speidrarar frå heile Hordaland i Bergen sentrum for å gå ei rundløype. I år var deltakinga rekordstor, med over 1000 speidrarar som skapte liv i sentrum. Dette arrangementet er også eit samarbeid med Bjørgvin krets av KFUK-KFUM-speiderne. Ved å ha arrangementet på ein slik sentral plass stimulerer det til rekrytting av nye speidrarar og vekst for begge forbund.

#### Rover Rebus Rally

Det er viktig å ta vare på dei eldste, også i speidarmiljøet. Derfor vert det kvar haust arrangert eit Rover Rebus Rally. Her deltar medlemmer i alderen 16 til 26 i eit rebusløp som strekker seg over ein dag og mange kilometer. Her er lag frå heile krinsen med, noko som skapar kontaktar innanfor eit ung leidarmiljø.

#### Knutepunkt/Vårkurs

Knutepunkt/Vårkurs er dei viktigaste samlingshelgene for leiarutvikling i krinsen. Denne helga vert det arrangert ei rekke kurs for leiarar. Dei yngste (12-16) startar på si leiarutdanning ved å ta patruljeførarkurs. Dei over 16 år tar kurs som er naudsynte i grunntreninga til Norges speiderforbund for å bli godkjende leiarar.

#### ELFUL (Ettårig lederkurs for unge ledere)

Kurset er ei av dei største nyvinningsane i krinsen på mange år. Her får unge leiarar i krinsen høve til å gjennomføre NSF si leiar grunntrening på eit år. Dette har fleire fordelar enn at dei gjennomfører grunntreninga. Dei får eit tilbod i ein periode mange sluttar med fritidsaktivitetar, dei blir kjent med

#### Hordaland krins av Norges speiderforbund

Besøksadresse: Speidersenteret i Bergen, Tverrgaten 2 | Postadresse: Postboks 723, Sentrum, 5807 Bergen  
Telefon: 55 31 74 58 | E-post: [speidersenteret@hordalandsspeiderne.no](mailto:speidersenteret@hordalandsspeiderne.no) | WEB: [www.hordalandsspeiderne.no](http://www.hordalandsspeiderne.no)

Org. nr . 971 516 097 | Åpningstider: man - tirs 9-15, tors 16 - 20 | Bank: 9521 05 44993

Member of the World Organization of the Scout Movement (WOSM) and the World Association of Girl Guides and Girl Scouts (WAGGGS).

ungdom på sin eigen alder innanfor organisasjonen, dei vert meir motivert for arbeid vidare på lokalt plan. Kurset har vert ein slik suksess at andre kretsar i NSF har sett i gang eigne kurs etter same mal. Hausten 2013 starta heile 18 nye leiarspirer på årskurset, som avsluttast med tur til verdsspeidarsenteret Kandersteg i Sveits.

#### **Gruppeleiarsamling/Leiarsamling**

To gongar i året har krinsen ei samling for gruppeleiatarane (lokallaga) i krinsen. Her får dei fagleg påfyll og høve til å diskutere seg imellom om kva det er å drive en gruppe. I tillegg til dette arrangerast det også temakveldar der alle leiatar er inviterte for å få faglig påfyll om diverse temaer. I 2013 var tema bruk av «sykkel i speidinga» og «vekst og patruljearbeid».

#### **Arrangement for andre enn våre eigne medlemmer**

##### **Friluftsleiren**

Friluftsleiren er eit sommartilbod til ungar i alderen 9-13 år om sommeleir i ei veke. I 2013 vart leirane fylt heilt opp. Til saman var det 80 deltakarer på leir delt over på to veker. Deltakarane får ei innføring i friluftsliv, og bur i lavvo frå måndag til fredag.

#### **SAMARBEID ORGANISASJONENE IMELLOM**

Vi har i 2013 samarbeida med:

##### **Bjørgvin krets av Norges KFUK-KFUM speidere**

To store arrangement; Vestlands mesterskap i speiding og Bymanøver.

##### **Fartøyversenteret i Hardanger**

Samarbeid om Friluftsleiren

##### **Robbin Hood Huset**

Samarbeid om Friluftsleiren

#### **NYTENKING 2013**

##### **Fersk som speidar**

Nytt av året er at kretsstyret har laga et «krasj-kurs» i speiding. Dette er et innføringskurs i kva speiding er, der nye leiare og ikkje minst leiare i nye speidargrupper får en innføring i viktige omgrep for kva speiding er, ord og uttrykk, korleis ein driv vellukka speidarárbeid, administrative viktige rutiner med meir. Kurset tar 5- 6 timer.

##### **Prosjekt vekst**

Tidlegare år har krinsens i sitt arbeid med vekst hatt fokus på nyetableringar. Frå 2013 er fokuset endra til å ha vekst gjennom høgare kvalitet i gruppene, slik at speidarane vert verande fleire år i organisasjonen. Vi ser av medlemsstatistikke at kvart medlem normalt er med i organisasjonen i 3 år. Derfor er vekspotensialet ved at medlemmene blir lengre i organisasjonen betydeleg.

#### **KOSTNADER MED ARRANGEMENTER**

I all hovudsak kjem våre kostnader fram i rekneskapet.

Alle våre arrangement er langt på vei drevet av frivillige leiatar. Daglig leders stilling nyttast og til gjennomføring av våre arrangement. Kostnader ved stillinga er ikkje lagt inn i arrangementsrekneskapa.

#### **KOSTNAD VED Å VÆRE MEDLEM**

Kontingensten for våre medlemmer er delt i tre; forbundskontingent, kretskontingent og kontingent til lokallaget. All kontingent krevjast inn frå Norges speiderforbund sentralt.

Norges speiderforbund sin kontingent for 2013 var kr 410.

Hordaland krins har vanlegvis 50 % av speidars forbundet sin kontingent, og var i 2012 på 200 kr

Gruppekontingent varierer noko, men ligg stort sett mellom kr 100 og kr 400.

Totalt betyr dette at et medlem i vår organisasjon betaler mellom kr 700 og kr 1000 kvart år.

## EGENINNSATS FRA STYRET OG MEDLEMMENE

Med eigeninnsats tenker vi talet på nedlagte dugnadstimer i forbindelse med krinsen si terminliste. Vi har satt opp eit estimat i tabellen under, basert på terminlistearrangamenta:

### Dugnadsinnsats

	Antall møter	Gj. snitt ant. Timer	Antall deltakere	Totalt antall timer
<b>Administrasjon</b>				
Styremøter	11	3	7	231
Årsmøte/ kretsting	2	5	7	70
Representasjon	17	3	7	357
Friluftsleiren	3	4	2	24
Landsleir - forberedelser	3	3	7	63
Saksforberedelser	10	2	7	140
				<u>885</u>
<b>Tillitsapparatet</b>				
ELFUL (Ettårig lederkurs for unge ledere) - planlegging	5	3	4	60
ELFUL (Ettårig lederkurs for unge ledere) - gjennomføring	12	4	4	192
Oppstart nye grupper- planlegging	4	3	2	24
Oppstart nye grupper-gjennomføring	4	5	6	120
Rover - møter	4	3	3	36
Rover - arrangement	2	15	5	150
Regionale peffkurs - planlegging	4	3	9	108
Regionalt peffkurs - gjennomføring	2	24	5	240
Husstyret	7	3	6	126
Planlegging Vårkurs	2	3	7	42
Gjennomføring Vårkurs	2	24	10	480
Vestlandsmesterskap - planlegging	4	3	2	24
Vestlandsmesterskap - gjennomføring	2	24	10	480
Knutepunkt - planlegging	3	4	4	48
Knutepunkt - gjennomføring	2	24	4	192
Bymanøver planlegging	4	3	10	120
Bymanøver gjennomføring	1	8	40	320
Julemarked - planlegging	5	3	9	135
Julemarked - bærsanking	2	24	9	432
Julemarked - produksjon	1	40	20	800
Julemarked gjennomføring	3	10	8	240
Kretsting	2	4	7	56
Gjennomføring SpeiderLAN	2	24	5	240
Planlegging SpeiderLAN	2	4	3	24
				<u>4689</u>

### LEDER- og organisasjonsutvikling

Årsmøte	1	4	45	180
Kretsting	1	4	35	140

ELFUL 3	6	4	12	288
ELFUL 3 i Sveits	6	16	10	960
ELFUL 4	5	4	18	360
ELFUL 4 Peffkurs	1	48	18	864
Knutepunkt	1	48	25	1200
Vårkurs	1	48	30	1440
Fersk som speider	1	6	10	60
				<hr/> 5492
Dugnadinnsats i lokale		#grupper	#møter	#timer
Møter gruppestyre i speidergruppe	38	4	4	608
Daglig drift	38	1	15	570
Enhetsledelse	38	12	4	1824
Patruljeledelse	228	30	2	13680
				<hr/> 16682

## DELTAGELSE PÅ ARRANGEMENT

### Deltakere

Fjellederkurs	8	16	4	512
iScout	1	4	12	48
Vestlandsmesterskap	2	24	500	24000
Bymanøver	1	8	700	5600
Landsleir	8	16	700	89600
Rover Rebus Rally	1	10	20	200
SpeiderLAN	1	48	40	1920
				<hr/> 121880

Total dugnadstid tillitsapparatet				11066
Lokalt i gruppene - forsiktig estimat				<hr/> 16682
Totalt nedlagt dugnadsinnsats sentrale arrangementer				<hr/> 27748

Ukentlige møter for medlemmer u/26	45	2	1458	131220
Turer lokalt	5	48	1458	<hr/> 349920
Lokal aktivitet uten forberedelser pr uke				<hr/> 481140

Antall uker aktivitet				40
-----------------------	--	--	--	----

Forsiktig estimat dugnad totalt i Hordaland krins				<hr/> 19273348
---	--	--	--	----------------

Dugnadspris pr time á kr 200	200			
Dugnadsinnsats målt i kroner				kr 2 213
for sentrale arrangementer				200
Innkludert lokale grupper				kr 5 549
				600

## **KOSTNADER TIL INSTRUKTØR**

Dagleg leiар er med i planlegginga og gjennomføringa av alle krinsen sine kurs, blant anna også ein del tilrettelegging for dei frivillige. Et anslag på totalt forbrukt tid til kurs og leiarsamlingar er to månadsverk, dvs ca 70 000 + sos. omk. Dei andre instruktørane på kurs jobbar dugnad også på kursa, og vert ikkje kompensert for dette.

## **ØKONOMISK STILLING**

Vi har ein god økonomi, og årets overskot vil styrka eigekapitalen. Dette gjer også at vi kan fortsette med vekstprosjektet med 20% stilling.

Krinsen har tilsett dagleg leiар i 100 % i fast stilling og kontorfullmektig i 25 % stilling. Vi har frå oktober 2013 hatt ein tilsett i Prosjekt vekst med 20%, og ein i arbeidspraksis frå NAV i 100% ( fram til 30.6.2013).